



› Kvalitet, internkontroll og beredskap

Kommunelovas § 25-1 set krav til kommunedirektøren si oppfølging av internkontrollen. Fokus på kvalitet, internkontroll og beredskap er styrka dei siste åra. Stillinga til seniorrådgivar kvalitet og beredskap har 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor kvalitet og internkontroll har i 2022 vore:

- oppbygging av kommunen sitt heilskaplege kvalitetssystem; Compilo:
 - utprøving av ny modul; Årshjul
 - ny modul: Offentleg innsyn
- opplæring og implementering av Compilo:
 - auke generell bruk av Compilo. Har auka frå ca 1100 påloggingar i 2020, til ca 10100 i 2021 og 12300 i 2022.
 - auke melding av avvik: Har auka frå ca 700 i 2021 til ca 1000 i 2022
 - auke bruken av dokumentmodulen. Har auka frå ca 2700 leste dokument i 2020, til ca 16000 i 2021 og 17100 i 2022.
 - opplæring i dokumentmodulen, lage dokument og revidere dokument
 - støtte einingsleiarar ved utarbeiding av ROS-analyser
 - lage brukarrettleiingar og opplæringsvideoar om Compilo
- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
 - handtering av personvernsvik
 - innsynskrav
 - opplæring av tilsette i personvern med nanolæring med Junglemap
- revisjon av "Mål og strategi for arbeid med internkontroll og kvalitet i Giske kommune 2021-2024" i kommunestyret
- lean "Pleie og omsorg - I takt med framtida"
- lean-arbeid med legemiddelhandtering
- avslutning av Kompetanseløft med Digi Møre og Romsdal
- rettleiing og støtte til einingsleiarar ved ulike tilsyn med Giske kommune frå Statsforvaltar og Arbeidstilsynet

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2022 vore:

- handtering av covid-19

- handtering av flyktningssituasjonen som følge av krigen i Ukraina
- fire andre kortvarige krisehandteringar
- samarbeid med omkringliggende kommuner, statsforvaltar, politi m.fl.
- rapportering til Statsforvaltar
- revisjon av beredskapsplan
- oppfølging av tilsyn frå Statsforvaltar på kommunal beredskapsplikt

Giske kommune er ein lærande organisasjon der vi saman jobbar med å utvikle kapasitet til å levere tenestene våre i tråd med verdiane våre; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.